

**Planprogram KDP barnehage og  
skulebruksplan**  
**Framlegg**  
**V\_1**

## 1 Innhold

### Innhold

1. **Innleiing og bakgrunn**
  1. Bakgrunn for planarbeidet
  2. Målsetjing med planarbeidet
  3. Krav til planprogram
  4. Målsetjinga med planprogrammet
2. **Føremål**
3. **Føringar for planarbeidet**
  1. Statlege føringar
  2. Kommunale føringar
4. **Mål**
5. **Tema og avgrensing av innhald**
6. **Planprosess og medverknad**
  1. Organisering av planprosessen
  2. Medverknad
  3. Høyring
  4. Framdrift

## 2 Innleiing og bakgrunn

Planprogrammet er eit verktøy for å styrke tidleg medverknad og gode planprosesser. Programmet skal avklare rammer og premiss for arbeidet, samt klargjere føremålet med planen.

### 2.1 Bakgrunn for planarbeidet

Alver kommune skal utarbeide ein barnehage- og skulebruksplan.

Dette i samsvar med vedtak i kommunestyret desember 2022, sak 182/22 – Budsjett 2023 – Økonomiplan 2023-2026, der kommunedirektøren i saksutgreiinga hadde lagt inn framlegg om å starte planprosessen med utarbeiding av ein barnehage- og skulebruksplan som kan vere til hjelp i arbeidet med å møte demografiendringane i høve til barne- og elevtalsutviklinga i kommunen.

### 2.2 Målsetjing med planarbeidet

Planarbeidet skal bidra til å skildre aktuelle temaområde knytt til ein framtidig struktur for kommunale barnehagar og skular i Alver kommune. Planarbeidet skal byggje på kunnskap og dokumentasjon som er utarbeidd i kommunen, til dømes vedlikehaldsplan og kunnskapsgrunnlag redusert barne- og elevtal i Alver kommune. I tillegg vil grunnlagsarbeid og analysar knytt til prosess og resultat KDP Oppvekst vere relevant.

Aktuelle temaområde i planprosessen vil til dømes vere:

- Faktainformasjon om den einskilde barnehage og skule
- Venta utvikling i barne- og elevtal og analyse av folkevekst
- Økonomiske forhold
- Kommunale og nasjonale føringar om kvalitet i barnehage og skule

Kommuneplanen skal ha fokus på barnehage- og skulefaglege, tekniske og økonomiske skildringar. Politisk nivå skal vere involverte underveis. Planen skal vere eit framlegg til ein berekraftig og framtidsretta struktur for barnehage og skule, som gir ein betre økonomisk utnytting av ressursane samt sørger for kvalitet i tilbodet.

## 2.3 Krav til planprogram

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1, tredje avsnitt har kommunane høve til å utarbeide kommunedelplanar for aktuelle område, tema eller verksemdsområder (Plan- og bygningslova § 11-1 tredje avsnitt).

Kommunedelplanar blir utarbeidd på område det er behov for å konkretisere og operasjonalisere samfunnssdelen i kommuneplanen. I den samanheng skal kommunedelplanen ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp dei komande fire åra eller meir. Handlingsdelen skal reviderast årleg og innehalde finansiering som samsvarer med kommunen sine styringsdokument (Plan- og bygningslova § 11-2 tredje avsnitt).

Det er eit krav i plan- og bygningslova § 11-13 at det skal utarbeidast planprogram for slike planar. Eit planprogram skal skildre planprosessen og kva som skal utgreiast i arbeidet med planen.

Planprogrammet skal handsamast politisk, og leggast ut på høyring i minimum seks veker, før det går til slutthandsaming og endeleg vedtak i kommunestyret.

## 2.4 Målsetjinga med planprogrammet

Planprogrammet skal avklare rammer og innhald for arbeidet, samt klårgjere målsetjinga med planprosessen. Vidare skal det presentere ei skisse over innhald og omfang av planarbeidet, med oversyn over aktuelle problemstillingar som blir vurdert som viktige for å gi eit samla bilet over oppgåva.

Innspela som kjem inn i samband med høyring blir vurdert og eventuelle endingar i planprogram blir gjort før endeleg vedtak.

Innhald i planprogrammet:

- Bakgrunn og målsetjing for planarbeidet
- Overordna rammer/gjeldande planstatus
- Problemstillingar som skal utgreiast
- Organisering og framdrift i planarbeidet
- Metode for informasjon og medverknad i planarbeidet

Framlegg til tema i planprogrammet kan bli justert etter høyringsperioden.

## 3 Føremål

Alver kommune skal ha ei berekraftig utvikling når det gjeld drift og investering. Om kommunen i framtida skal vere rusta til å møte dei venta endringane med omsyn til demografi, må viktige val gjerast. Venta reduksjon i barne- og elevtal kan møtast gjennom ein generell reduksjon på tenestenivå og/eller endringar i organisering og struktur. Berekningar som er lagt til grunn i økonomiplan for 2023-26 viser at det vil vere behov for omfattande tiltak knytt til drift av barnehage og skule i åra som kjem.

Kommunedelplanen er eit politisk dokument og styringsverktøy for å nå målsetjingar kommunen har på området. Det skal sikrast ei brei forankring av planprosessen gjennom brei medverknad både frå innbyggjarar, barn og unge, tilsette og interesseorganisasjonar.

## 4 Føringar for planarbeidet

### 4.1 Statlege føringar

- Lovverk
  - Barnekonvensjonen
  - Barnehagelova
  - Opplæringslova
  - Plan- og bygningslova
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-23 (Regjeringen.no)

### 4.2 Kommunale føringar

- [Kommuneplan for Alver kommune, samfunnssdelen](#)
- [Kommunedelplan for oppvekst](#)
- Kommunestyrevedtak 15.12.22

## 5 Mål

Prognosane for utvikling i barne- og elevtal i kommunen viser store utfordringar i høve til demografi og kostnadsstruktur. Alver kommune ventar eit lågare barne- og elevtal i kommunen i åra som kjem. Kommunen sine samle økonomiske rammer og utfordringar tilseier at det er behov for tiltak. Framlegg til tiltak som blir utarbeidd i planprosessen skal synleggjere potensiale for ei meir berekraftig drift av barnehagar og skular, samt skape eit handlingsrom for langsiktig planlegging av tenestetilbod og investeringar.

For å nå målformuleringa, er det definert følgjande oppgåver i planprosessen:

1. Presentere status for bygg og uteareal – barnehage og skule (vedlikehaldsbehov, investeringsbehov, kvalitet med omsyn til pedagogisk bruk av bygg og uteareal, samt definering av nærskuleprinsippet)
2. Vurdere utvikling i barnetal- og elevtal i dei ulike skulekrinsane i kommunen, med utgangspunkt i prognosane som vart utarbeidd i samband med Kunnskapsgrunnlag redusert tal barn i barnehage og skule, hausten 2022
3. Vise ulike alternativ i høve til framtidig barnehagestruktur av kommunale barnehagar i kommunen, i lys av berekraft, økonomiske og kvalitative faktorar, samt konsekvensar knytt til dei ulike alternativa
4. Vise ulike alternativ til framtidig skulestruktur av kommunale barne- og ungdomsskular i kommunen, i lys av berekraft, økonomiske og kvalitative faktorar, samt konsekvensar knytt til dei ulike alternativa

## 6 Tema og avgrensing av innhald

Planprosessen skal synleggjere venta utvikling i tal barn i barnehage og tal elevar i grunnskulen på skulekrinsnivå.

Arbeidet skal byggje på Kunnskapsgrunnlaget som vart handsama politisk i november 2022, sak 146/22 inneheld eit kapittel om forventa utvikling i folketal og elevtal i kommunen. Prognosane byggjer på SSB sine folketalsframskrivingar som var publisert sommaren 2022, med oppdateringar publisert i 2023. I følgje framskrivinga blir folketalsveksten i Alver dei komande åra svakare enn i åra vi har bak oss. I grove trekk kan vi seie at det er venta færre barn og unge i kommunen (aldersgruppa 0-19 år) og fleire eldre. Ved behov blir det utarbeidd supplerande prognosar og analysar.

Tema som er planlagt handsama i prosessen:

1. Folketalsprognose og barne- og elevtalsutvikling
2. Synleggjering av status bygg, anlegg og uteareal og eventuelle investeringsbehov ved strukturendringar
3. Framlegg til alternative løysingar av framtidig struktur barnehage og skule
  - Ulike løysingar
  - Kostnadsvurdering
  - Kvalitetsvurdering
  - Konsekvensvurdering

## 7 Planprosess og medverknad

### 7.1 Organisering av planprosessen

Planprosessen blir organisert i samsvar med vedteken prosjektorganisering i Alver kommune, som mellom anna stiller krav om å etablere ei styringsgruppe, prosjektgruppe og referansegruppe ved starten av prosjektet.

Framlegg til organisering:

- Politisk styringsgruppe
  - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur.
- Administrativ styringsgruppe
  - Kommunedirektør, assisterende kommunedirektør og kommuneadvokat.
- Prosjektansvarleg
  - Kommunalsjef for oppvekst.
- Prosjektleiar
  - Fagansvarleg plan og analyse.
- Prosjektgruppe
  - Tenesteleiarar for barnehage og skule, representant for tilsette barnehage og skule, representant for hovudtillitsvalde barnehage og skule.
- Referansegruppe 1
  - Styrar, rektorar, tilsette representerte ved tillitsvalde elevråd, ungdomsråd og foreldreutval i barnehage og skule.
- Referansegruppe 2
  - Eksterne og interne samarbeidspartar



## 7.2 Medverknad

Det skal vere stor grad av medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet:

- Barnehagane og skulane sine rådsorgan skal få informasjon og ha moglegheit til å kome med innspel undervegs i prosessen.
- Innbyggjarane skal sikrast informasjon gjennom prosessen.
- Det skal gjennomførast dialogmøte i ungdomsskulekrinsane.
- Referansegruppene skal bli brukt aktivt undervegs i arbeidet.

Det skal vere eit særleg fokus på medverknad frå barn og unge:

- Ungdomsrådet skal involverast i planlegging av medverknadsprosessen
- I høyring ber vi om innspel i høve til møtepunkt for medverknad
- Vil byggje på erfaringar frå medverknadsprosessen KDP Oppvekst

## 7.3 Framdriftsplan

Framdriftsplan for utarbeiding av planprogram og kommunedelplan:

Aktivitet	2023	2024
Framlegg til planprogram – innstilling frå kommunedirektøren og politisk handsaming	23.februar	
Offentleg kunngjering oppstart planprosess og høyring planprogram	27.februar	
Frist for merknader og innspel til planprogrammet	23. april	
Endeleg vedtak planprogram – innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming	22.juni	
Arbeid i prosjektet; Analyse, utgreiing, medverknad	Hausten	
Framlegg til kommunedelplan – innstilling frå kommunedirektøren og politisk handsaming		Februar
Høyring av «Framlegg til kommuedelplan»		Februar-April
Frist for merknader og innspel til kommunedelplan		April
Endeleg vedtak kommunedelplan – Innstilling frå kommunedirektør og politisk handsaming		Juni

#### **7.4 Offentleg høyring og ettersyn**

Høyringsdokumenta blir sendt til alle barnehagane og skulane, lagt ut på heimesida til kommunen og kunngjort i lokalavisene og i sosiale kanalar. Både vinterferie og påskeferie kjem inn i høyringsperioden, og difor er høyringsperioden sett til 8 veker.